



# Gebyrregulativ for vatn og avløp

FJELL KOMMUNE

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Fjell kommune den 14.12.17 med heimel i lov av 1. juli 2012: Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg, og forskrift av 1. juli 2004 nr 931 om avgrensning av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 anna ledd; jfr. forskrift om vass- og avløpsgebyr i Fjell kommune, vedteke av kommunestyret den 15.06.17.

Regulativet gjeld frå den 01.01.2018.

Alle gebyrsatsar er oppgitt inkl. mva.

## TILKNYTINGSGEBYR

Tilknytingsgebyret vert fastsett som følgjer:

Næringsbygg/bustad	Vatn	Avløp
Bustad/næringsbygg $\leq 75 \text{ m}^2$	5.250,00	5.250,00
Pr. $\text{m}^2$ bruksareal (BRA*) $> 75 \text{ m}^2$	70,00	70,00

\*) BRA bereknast med grunnlag i NS 3940 og gebyrforskrift for vatn og avløp.

## ÅRSGEBYR

### Abonnementsgebyr

Satsane for abonnementsgebyr er eins for næringsbygg, bustadar, hytter og naust, samt andre bygg. Abonnementsgebyret er eit fastledd som er fastsett på følgjande grunnlag:

	Vatn	Avløp
Abonnementsgebyr pr $\text{m}^2$ bruksareal (BRA*)	5,25	5,60

\*) BRA bereknast med grunnlag i NS 3940 og gebyrforskrift for vatn og avløp.

**Forbruksgebyr**

Forbruksgebyret vert fastsett som følgjer:

Ved målt forbruk = målt forbruk x einingspris.

Ved stipulert forbruk:

Alle næringsbygg, samt bustader som har fått godkjent rammeløyve etter 31.12.16, skal ha vassmålar. Ved stipulert forbruk er det lagt til grunn 1,4 m<sup>3</sup>/ m<sup>2</sup> (BRA).

	Vatn	Avløp
Einingspris kr/m <sup>3</sup>	21,00	26,90

*Døme:*

*Ein bustad på 120 m<sup>2</sup> vil etter stipulert forbruk gje følgjande satsar:*

	Vatn	Avløp
<i>Abonnementsgebyr, 120 m<sup>2</sup> x 5,25/5,60 kr/m<sup>2</sup></i>	<i>630,00</i>	<i>672,00</i>
<i>Stipulert forbruk, 120 m<sup>2</sup> x 1,4 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup> x 21,00/26,90</i>	<i>3.528,00</i>	<i>4.519,20</i>
<i>Totalt</i>	<i>4.158,00</i>	<i>5.191,20</i>

For slamavskiljarar som er tilknytt det offentlege avløpsnettet, er tømekostnaden kvart andre år inkludert i det årlege gebyret.

**GEBYR FOR BRUK AV VASSMÅLAR**

Abonnentar med vassmålar skal betale eit årleg gebyr for å dekkje Fjell kommune/FjellVAR sine meirkostnader med ordninga. Gebyret er for 2018 sett til kr. 0,00.

**GEBYR FOR FRÅKOPLING/TILKOPLING AV VATN**

Gebyret skal betalast dersom ein eigedom blir fråkopla offentleg vassleidning over lengre tid. Gebyret skal dekkje Fjell kommune/FjellVAR sine kostnader ved fråkopling/tilkopling.

Gebyr ved fråkopling	1.150,00
Gebyr ved tilkopling	1.150,00